



## Vedlegg til sak 5/2019 i SAMO om sommarferje Jondal-Tørvikbygd

### 1. Innleiing

Hovudutval for samferdsel og mobilitet handsama spørsmålet om toferjeløysing på sambandet Jondal-Tørvikbygd i møte 2. desember 2019 i sak PS 5/2019. Saka vart utsett og utvalet bad om ein meir detaljert oversikt over kostnadane og at ein viste kostnader både med fire månader og to månaders drift.

### 2. Kvalitetssikring av økonomisk gjennomgang

Det er Fjord1 som har ruteløyve for drift av ferjesambandet Jondal-Tørvikbygd frå 1. januar 2020. Spørsmålet om etablering av ei ferje II løysing i sommarmånadene er no lagt fram for Fjord1 til vurdering for å kvalitetssikre kostnadsbiletet. Vurderinga tar utgangspunkt i bruk av ei «seglande reserveferje», etter same mønster som presentert i saka. Framlegget frå Fjord1 er bruk av ferja «Sogn», som vil vere ei av reserveferjene til Fjord1. Sogn er ei ferje bygd i 1982 med ein kapasitet på 107 personbileiningar.

Det er i kalkylane innrekna direkte variable kostnader som personalkostnader, oljekostnader (biodiesel), driftsavhengige vedlikehaldskostnader og andre dokumenterte meirkostnader. Det er også innrekna ein fortjenestemargin til operatør på 5 %. Med bruk av «seglande reserveferje» til formålet er ikkje faste kostnader som til dømes vedlikehald og kapitalslit med, fordi desse allereie er dekkja i kontrakten.

Bruk av kai i Norheimsund er ein føresetnad som er lagt i samråd med operatør. Dette er basert på vurderingar av kva som er næraste, sikre kai av riktig storleik.

- Samla kostnader vil vere ca. 11 mill. kroner for operasjon i ein periode på fire månader.
- Samla kostnader vil vere ca. 7 mill. kroner for operasjon i to månader.

### 3. Andre tilhøve

Dei nye kontraktane er utforma slik at ein kan setje inn ei ekstra ferje dersom det oppstår kapasitetsutfordringar i sambandet. Vurderingane så langt tilseier at det ikkje ligg føre ei kapasitetsutfordring i sommarperioden. Av denne grunn vil drift av ei ekstra sommarferje i fire månader krevje at oppdraget vert konkurranseutsett.

Gjennom ein konkurranse vil andre føresetnader ligge til grunn for prisinga, til dømes vil ein ikkje kunne basere seg på bruk av ei reserveferje. Vidare vil konkurransen i marknaden kunne gje eit anna kostnadsbilete enn skissert i punkt 2.

Dersom ein imidlertid avgrensar oppdraget til ein prøveperiode er på to månader, vil det vere mogleg å gjennomføre eit tilleggskjøp i eksisterande avtale.



#### **4. Tilråding**

Ut frå ei samla vurdering er fylkesrådmannen si tilråding ikkje endra frå saka som er lagt fram. Dersom ein likevel ønsker ein prøveperiode med toferjeløysing på sambandet Jondal-Tørvikbygd, er det tilrådd at denne blir førebudd til sommaren 2021. Ein vil då få erfaringar med trafikksituasjonen sommaren 2020 med ny ferje.

Det vil i 2020 bli gjennomført omfattande endringar i ferjedrifta i fylket. Omlegging til heilelektrisk drift vil kome på plass i løpet av året, der det vil krevje tilpassingar av mange kaianlegg. Når det gjeld Jondal-Tørvikbygd vil det vere naudsynt å stengje sambandet i om lag 14 dagar i perioden februar/mars og mai måned 2020 for å sikre slike tilpassingar. Stengingsperioden vil krevje alternative løysingar og omlegging heilt fram mot sommarperioden. Arbeid med dette startar opp over nyttår.

Ei toferjeløysing vil vere retta spesielt mot reiselivsmarknaden. For denne marknaden vil det vere ein fordel å vere tidleg ute med marknadsføringa i reiselivssamanheng. Ei løysing der prøveperiode vert lagt til sommaren 2021 vil legge til rette for dette.